

Fister Smolt AS

4139 FISTER

Vår dato: 16.12.2019

Vår ref.: 201506813-36

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

Fister Smolt AS – søknad om endring av reguleringsregime for Hetlandsvatnet, Hjelmeland kommune i Rogaland

Vi syner til søknad av 03.11.2016 om endring av reguleringsregime for Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune og synfaring 08.02.2017. Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til å endre reguleringsregime i Hetlandsvatnet.

Fister Smolt AS er meld til politiet av Salmon Camera for miljøkriminalitet, og av NVE for brot på gjeldande vassdragskonsesjon og brot på internkontroll etter vassdragslovgivinga. NVE meinte at politiet si handsaming måtte avsluttast før NVE kunne handsame søknaden. NVE gjorde 17.01.2018 difor vedtak om å vente med vidare handsaming av søknaden til det førelåg endeleg avgjerd i saka som er til handsaming av Rogaland politidistrikt.

Avgjerda blei påklaga av Fister Smolt AS og Hjelmeland kommune. NVE fann ikkje grunn til å endre avgjerda, og saka blei send Olje- og energidepartementet den 04.04.2018. Fister Smolt AS sette fram merknadar til NVE si oversending i brev av 25.05.2018. Departementet vurderte i brev av 22.01.2019 at NVE måtte ta saka til handsaming.

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til endra reguleringsregime for Hetlandsvatnet.

Fister Smolt AS har ein konsesjon etter vassressurslova gitt av NVE den 18.02.2004. I konsesjonen er det gitt løyve til 60 cm regulering av Hetlandsvatnet med 30 cm heving til HRV kote 46,4 og 30 cm senking av vasstanden til LRV kote 45,8. Heving av vasstanden med 30 cm er tillate i perioden 01.12. til 01.01. Heving av vasstanden kan starte 15.11. Vasstanden skal reduserast sakte og vere nede på maksimalt naturleg vasstand den 01.04. Hetlandsvatnet kan senkast inntil 30 cm under naturleg vasstand heile året.

Fister Smolt AS søker no om å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet til LRV på kote 45,8 og HRV på kote 46,4 heile året.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Øvrige konsesjonsvilkår, med vassuttak og slepp av minstevassføring til Fisteråna, vert oppretthalde slik som i dagens konsesjon. I samband med tiltaket vil det ikkje bli gjennomført nye tekniske inngrep i vassdraget.

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt. Så langt Hjelmeland kommune kan sjå vil fordelane vere større enn ulempene.

Fylkesmannen (FM) rår i frå ytterlegare regulering av Hetlandsvatnet. FM meiner at miljøverdiar i Fisteråna som mellom anna omfattar aure, sjøaure, ål og elvemusling ikkje er tilstrekkeleg ivaretatt under dagens reguleringsregime. Det er fleire kunstige vandringshinder for fisk som fortsatt ikkje er fjerna, samtidig som arrangement for slepp av minstevassføring ikkje er optimalt utforma og drifta for å sikre naturverdiane under dagens reguleringsregime.

Ifølge vann-nett er økologisk tilstand i Fisteråna satt til «Dårlig» pga. fysiske inngrep som vandringshinder for fisk og regulering. FM ser det som svært uheldig om vassdraget blir gjenstand for ytterlegare regulering før trusselfaktorane for naturverdiar i vassdraget er tilstrekkeleg sikra. Ved bruk av moderne resirkuleringsteknologi innan landbasert akvakultur meiner FM at det i dag ikkje er nødvendig eller hensiktsmessig å tillate nye inngrep som fører til ytterlegare regulering i vassdrag med viktige naturverdiar for å produsere settefisk til akvakulturformål.

Fiskeridirektoratet region Sør skriv at dei ikkje kan sjå at omsøkt endring av reguleringsregime i Hetlandsvatnet vil komme i konflikt med dei fiskeriinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar.

Norges Jeger og Fiskerforbund i Rogaland går sterkt imot at det blir gitt løyve til å regulere Hetlandsvatnet heile året. NJFF-Rogaland ber dessutan om at gjeldande konsesjonsvilkår frå 18. februar 2004 vert sett i verk. Konsesjonssøkjjar vart pålagt å fjerne fiskesperre og endre vassinntaket ved utløpet av Hetlandsvatnet slik at ein sikrar fri ferdsel for fisken. Dagens gjeldande reguleringsløyve bør trekkast tilbake og selskapet må satse berre på produksjon av smolt gjennom bruk av RAS teknologi. Det er viktig å tilbakeføre vassdraget til mest mogleg naturleg vassføring.

Mona Bjelland og hennar familie har dei siste åra opplevd aukande erosjonsskader på eigedomen. Dei meiner at desse skadane kan relaterast til regulering og svingingar av vasstanden. Den erfaring dei sit med, tilseier at ei endring av reguleringshøgde som opnar for ytterlegare svingingar i vasstanden, og samtidig tillet ein høgare vasstand gjennom heile året, vil gi ytterlegare konsekvensar i form av auka erosjonsskade på deira eigedom. Som grunneigar og hytteeigar ved Hetlandsvatnet ber dei difor om at Fister Smolt AS sin søknad om endring av reguleringsregime i Hetlandsvatnet vert avslått.

Odd Steinar Eide går sterkt imot at Fister Smolt skal få lov til å endre reguleringa. Han viser til at dei som driv landbruk ved vatnet har fått store skader av den reguleringa som er no og fryktar endå større skader dersom NVE seier ja til utvida regulering.

NVE vurderer at det er store naturverdiar knytt til Hetlandsvatnet og Fisteråna i form av aure, sjøaure, ål og elvemusling. Fister Smolt har sidan vassdragskonsesjonen vart gitt i 2004 i liten grad etterkomme dei vilkår og krav som er sett for å ivareta naturverdiane i vassdraget. Bestanden av elvemusling er i negativ utvikling og vandringsvegen for fisk i vassdraget er ikkje tilstrekkeleg ivaretatt. NVE vurderer at det ikkje kan gjennomførast ytterlegare regulering før avbøtande tiltak for å sikre naturverdiane i vassdraget er gjennomført.

Fister Smolt har utfordringar ved at vasstilgang og reguleringskapasitet er knapp med tanke på å sikre minstevassføring og vatn til drift av settefiskanlegget i langvarige tørrperiodar i sommarhalvåret. NVE meiner at knappheit på vatn ikkje kan løysast ved å auke reguleringa, men heller må løysast ved at Fister Smolt i større grad tilpassar seg tilgangen på vatn. Dette kan løysast gjennom meir effektiv utnytting av

vatnet ved å ta i bruk resirkuleringsteknologi på heile anlegget, eller redusere produksjonen. NVE har vurdert val av driftsmetode opp mot verknad for naturmiljøet og meiner at naturmangfaldlova § 12 i dette tilfellet bør vektleggast.

Fister Smolt AS har leigd inn Sweco for å utarbeide ei løysing for slepp av minstevassføring og passasje for fisk og det er utarbeidd ein teknisk plan for tiltaket. NVE sitt miljøtilsyn følgjer opp desse planane i samband med NVE sitt pålegg av 19.12.2016 om retting av arrangement for slepp av minstevassføring. NVE føreset at ei utbetring av dam Hetlandsvatn, som Fister Smolt no skal gjennomføre, vil ivareta minstevassføring og ei regulering av Hetlandsvatnet som er i tråd med magasinrestriksjonane i dagens konsesjon.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at ulempene ved å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet, til HRV på kote 46,4 heile året, er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt. NVE gjev ikkje løyve etter vassressurslova § 8 til å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Fister Smolt AS, datert 08.09.2016:

«Fister Smolt AS ønsker å bedre utnyttelsen av Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune i Rogaland fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

I Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- *å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet til LRV på kote 45,8 og HRV på kote 46,4 hele året.*

Nødvendig informasjon om opplysninger fremgår av vedlagte beskrivelse.»

Hovuddata henta frå søknaden

TILSIG		Hovuddata
Nedbørfelt Hetlandsvatn	km ²	12,14
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	12,37
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	32,31
Middelvassføring normalår	l/s	392
Alminneleg lågvassføring	l/s	27
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	13
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	82
SETTEFISKANLEGG		
Inntak	moh.	46
Avløp	moh.	0
Lengde på påverka elvestrekning	km	1,4
Vassleidning	km	1,4
Vassleidning, diameter	mm	1 x 400 mm og 1 x 225 mm
Maksimalt tal smolt	mill. stk.	5 mill. stk.
MAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	1,32
HRV	moh.	46,4
LRV	moh.	45,8

Historikk

Produksjonen av settefisk vart etablert i 1974 og i 1975 fekk Sjøthun Fiskeklekkeri, seinare Fister Smolt AS, oppdrettskonsesjon til produksjon av 50 000 fisk med vassinntak frå Fisteråna. Sjøthun Fiskeklekkeri fekk ved kgl. res. 15.8.1980 konsesjon til å regulere Hetlandsvatn ved å heve vasstanden inntil 30 cm i perioden 01.12. til 01.04. Av omsyn til fisk i vassdraget skulle det i denne perioden sleppast minimum 100 l/s til Fisteråna.

Fister Smolt fekk oppdrettskonsesjon til 2,4 millionar smolt i 2004 etter at NVE 18.02.2004 gav Fister Smolt konsesjon etter vassressurslova til å regulere Hetlandsvatn mellom øvre kote 46,4 (HRV) og nedre kote 45,8 (LRV). Heving av vasstanden med 30 cm er tillate i perioden 01.12 til 01.01. Heving av vasstanden kan starte 15.11. Vasstanden skal reduserast sakte og vere nede på naturleg vasstand den 01.04. Hetlandsvatn kan senkast inntil 30 cm under naturleg vasstand heile året. Vassuttaket skal ikkje overstige 330 l/s som månadsmiddel og 260 l/s som årsmiddel. Det skal sleppast ei minstevasføring på 100 l/s heile året.

Fister Smolt AS søkte den 19.10.2010 om å auke reguleringa av Hetlandsvatnet med ytterlegare 0,5 m senking og redusere krav til slepp av minstevasføring frå 100 l/s til 40 l/s. Denne søknaden vart avslått av NVE i vedtak av 08.05.2012. Olje- og energidepartementet (OED) opprettheldt den 11.02.2014 NVE sitt vedtak etter at avslaget vart klaga på av Fister Smolt AS. Departementet meiner at det av omsyn til spesielt elvemusling og anadrom fisk, ikkje kan gjevast løyve til auka regulering av Hetlandsvatn eller redusert slepp av minstevasføring i Fisteråna.

Fister Smolt fekk løyve frå Rogaland fylkeskommune den 02.09.2012 til utviding av produksjonen til 5 millionar sjøklar smolt. Ein føresetnad for dette var at utvidinga skulle skje innanfor vilkåra i gjeldande vassdragskonsesjon. NVE rådde til planane om utviding i brev av 26.09.2012 der NVE la betydeleg vekt på at selskapet skulle ta i bruk resirkuleringsteknologi på delar av anlegget for å kunne redusere sitt vassforbruk, slik at vassressursen kunne ivaretakast på ein god måte innanfor vilkåra i vassdragskonsesjonen av 18.02.2004.

Fister Smolt AS har ved fleire høve i åra 2010, 2012, 2013, 2014, 2018 og 2019, søkt om løyve til mellombels avvik frå reguleringsregimet for å tappe Hetlandsvatnet under LRV. Fister Smolt AS søkte den 17.06.2014 om løyve til mellombels reduksjon i slepp av minstevasføring frå 100 l/s til 50 l/s og inntil 0,4 m senking under LRV. Fister Smolt AS grunngav søknaden med ein ekstraordinær tørr forsommar. NVE gav avslag på søknaden 03.07.2014. Avslaget vart klaga på av Fister Smolt til OED. OED gav svar i klagesaka 12.09.2016. Klagen frå Fister Smolt AS vart ikkje teken til følge og NVE sitt vedtak av 03.07.2014 vart oppretthalde. OED la til grunn at ei mellombels senking av Hetlandsvatnet ville ha betydelege negative konsekvensar for allmenne interesser, spesielt naturmangfald. NVE gav nytt avslag til søknad om senking av Hetlandsvatnet under LRV den 15.07.2019. Vedtak om avslag vart klaga på av Fister Smolt AS 16.07.2019. Klagen er sendt til OED for endeleg avgjerd.

NVE har dokumentert ei rekkje brot på regulering av Hetlandsvatn og slepp av minstevasføring til Fisteråna. Den 29.04.2003 melde NVE Fister Smolt AS til politiet for å ha brote vilkåra i konsesjonen av 25.08.1980 til å regulere og ta ut vatn frå Hetlandsvatn, og for ikkje å ha etterkomme kravet om slepp av minstevasføring. Meldinga resulterte i eit førelegg på kr 10 000 den 25.09.2003. Den 19.10.2010 mottok NVE ei bekymringsmelding om låg vasføring i Fisteråna vidaresendt frå Fylkesmannen i Rogaland. NVE bad i brev av 04.11.2010 Fister Smolt AS om å sende dokumentasjon på slepp av minstevasføring til Fisteråna. NVE mottok ingen slik informasjon. Den 04.07.2012 dokumenterer NVE brot på slepp av minstevasføring og sendte varsel om vedtak om retting og innsending av informasjon og om tvangsmulkt den 05.09.2012. I svarbrev frå Fister Smolt AS den 8.10.2012, vert det innrømme at det har vore for liten kontroll med slepp av minstevasføring. Den 12.04.2013 og 17.04.2013

dokumenterer NVE igjen mellom anna brot på slepp av minstevassføring. Den 08.05.2013 varslar NVE på nytt vedtak om retting, innsending av informasjon og varsel om tvangsmulkt. I vedtaket bad NVE om ein plan for minstevassføringsarrangement som ville ivareta konsesjonsvilkåret om å sikre sjøauren moglegheiter for reproduksjon og oppgang i Hetlandsvatn. Frist vart satt til 01.07.2013. I svarbrev frå Fister Smolt AS den 30.06.2013, opplyser Fister Smolt AS at dei vil vidareføre noverande tekniske løysing for slepp av minstevassføring, men vil endre på prosedyrar og drift av arrangementet for slepp av minstevassføring. I 2014 og 2015 dokumenterer NVE igjen brot på minstevassføringa og andre vilkår satt i medhald av konsesjonen og vedtak fatta av NVE. Den 15.02.2016 melde NVE Fister Smolt AS til politiet for brot på gjeldande vassdragskonsesjon og brot på internkontroll etter vassdragslovgivinga. Saka ligg no hos Rogaland Politidistrikt.

Hausten 2014 vart Fister Smolt AS meld til politiet av Salmon Camera for miljøkriminalitet over lang tid, og for å unndra seg å følge pålegg frå offentleg myndigheit. Saka ligg hos Rogaland Politidistrikt.

På tross av gjentekne inspeksjonar, varslar om retting og tvangsmulkt, har ikkje Fister Smolt AS oppfylt krav og vilkår sett i konsesjonen eller i regelverk i medhald av vassressurslova. NVE påla på bakgrunn av dette Fister Smolt AS den 19.12.2016 retting av fleire forhold knytt til arrangement for slepp av minstevassføring i tråd med konsesjon og gjeldande regelverk. NVE varsla samstundes å treffe vedtak om tvangsmulkt dersom rettinga ikkje vart etterkomme.

Fylkesmannen i Rogaland meiner dagens arrangement for regulering og slepp av vatn til Fisteråna ikkje tek vare på naturverdiane i vassdraget på ein tilstrekkeleg måte. Fylkesmannen i Rogaland sendte difor varsel om pålegg om tiltak i brev av 02.06.2017. Med heimel i vassdragskonsesjonen av 18.02.2004, vilkåra post 5 (Naturforvaltning), vurderer Fylkesmannen i Rogaland å pålegge Fister Smolt AS å gjennomføre følgjande tiltak:

«Etablering av nytt arrangement for slipp av vann til Fisteråna som sørger for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og samtidig gir en mest mulig naturlig flodynamikk som kan ivareta elvemuslingenes habitatkrav og rekrutteringsevne. Fylkesmannen og NVE skal ha planene inn til godkjenning. Frist for innsending av plan er 1.1.2018. Tiltaket skal gjennomføres så raskt som mulig etter at planene er godkjent av NVE og Fylkesmannen. Endelig frist vil bli samordnet med NVE når planen er godkjent.»

Fister Smolt AS er innforstått med at dam ved utløp Hetlandsvatn må utbetrast, og at det etter pålegg frå NVE og Fylkesmannen må etablerast nytt arrangement for slepp av minstevassføring. Fister Smolt AS har leigd inn Sweco for å utarbeide ei løysing for slepp av minstevassføring og passasje for fisk. NVE sitt miljøtilsyn følgjer opp desse planane i samband med NVE sitt pålegg av 19.12.2016 om retting av arrangement for slepp av minstevassføring.

Bakgrunn for tiltaket

Fister Smolt skriv mellom anna følgjande om kvifor dei ynskjer å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet:

«Fister Smolt søker om å kunne regulere Hetlandsvatnet 0,6 m (0,3 m over og under naturlig vannstand) hele året.

Fister Smolt opplever utfordringer i vanntilgangen fra Hetlandsvatnet, spesielt i perioden juni til september. Dette er en kombinasjon mellom konsesjonskravet om høy minstevannføring og målet om å kunne få til en optimal produksjon hvor Fister Smolt AS er lønnsom.

Settefiskproduksjon er i endring og selskapet opplever økt etterspørsel etter større smolt. Endringen medfører at selskapet får en lengre leveransesesong og blir dermed avhengig av jevnere tilgang til vann

for å kunne møte kundenes behov og opprettholde sin lønnsomhet. I dagens settefiskproduksjon er man avhengig av en jevn tilgang på ferskvann av god kvalitet. De mest sentrale årsakene til søknaden om å endre konsesjonsvilkår er:

- Sikre distriktsarbeidsplassene ved Fister Smolt AS
- Framtidens krav til større smolt og forlenget leveransesesong for smolt.
- Krav til minstevannføring i konsesjonen er for høy i forhold til normalavrenningen til vannet.
- Det er større svingninger i nedbør, noe som medfører store utfordringer med et høyt krav og fast nivå til minstevannføring
- Varmere vær øker fordampningsgraden fra Hetlandsvatnet

For det omsøkte tiltaket mener Fister Smolt at:

- Friluftsinnteressene rundt Hetlandsvatnet og Fisteråna vil bli svært lite berørt av tiltaket
- Elvemusling i Fisteråna blir ikke berørt av tiltaket
- Tiltaket har liten innvirkning på det landskapsmessige, da endringen ligger innenfor vannstandsreguleringen Fister Smolt AS allerede kan gjennomføre i deler av året.
- Det er tatt hensyn til landbruksinteresser gjennom kompenserende- og utbedrende tiltak i samråd med berørte eiendom.

Det er viktig for Fister Smolt AS å presisere at vannuttaket fra Hetlandsvatnet ikke øker utover konsesjonsvilkårene på 330 l/s, som månedsmiddel og 260 l/s som årsmiddel.»

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 08.02.2017 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen, Fylkesmannen og grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har motteke følgjande høyringsuttalar til søknaden:

Hjelmeland kommune gav uttale i saka i oversending datert 25.11.2016:

Vedtak i Formannskapet den 22.11.2016:

«Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt Hjelmeland kommune kan sjå vil fordelane vere større enn ulempe.»

Konklusjon i saksframlegg frå Rådmannen:

«Vurdering og konklusjon

Pr. i dag kan «oppsamling» til maks reguleringshøgde starta 15.11., og så skal vatnet vera attende på normalvasstand eller under innan 1.4. På bakgrunn av det ein kan lesa av søknaden, vil den foreslåtte endringa vera å sjå på som ei mindre justering med lite praktisk konsekvens

for andre. Det hadde vore ei større utfordring om det vart lagt opp til ei lågare normalvasstand enn det reguleringsregimet i dag gir rom for. Hjelmeland kommune ynskjer å leggja tilhøva til rette for akvakultur, og ein tykkjer den omsøkte endringa framstår som lite problematisk. Rådmannen vil tilrå at kommunen er positiv til endringsframlegget.»

Fylkesmannen i Rogaland uttaler følgjande i brev av 05.01.2017:

«Fylkesmannen i Rogaland fraråder ytterligere regulering av Hetlandsvatnet. Vi mener at miljøverdiene i Fisteråna som blant annet omfatter ørret, sjørøtt, ål og elvemusling ikke er tilstrekkelig ivaretatt under dagens reguleringsregime. Det er flere kunstige vandringshinder for fisk i øvre og nedre del av elva som fortsatt ikke er fjernet, samtidig som arrangementet for slipp og sikring av minstevannføring ikke er optimalt utformet og driftet for å sikre naturverdiene under dagens reguleringsregime. Vi legger til grunn at NVE er godt kjent med den miljødokumentasjonen som foreligger fra vassdraget (1970-2016, tidligere oversendt til NVE), samt NVE sine egne tilsynsrapporter.

I følge vann-nett er økologisk tilstand i Fisteråna satt til «Dårlig» pga. fysiske inngrep som vandringshinder for fisk og regulering. Vi vil se det som svært uheldig om vassdraget blir gjenstand for ytterligere regulering før trusselfaktorene for naturverdiene i vassdraget er tilstrekkelig sikret. Ved bruk av moderne resirkuleringsteknologi innen landbasert akvakultur mener vi at det i dag ikke er nødvendig eller hensiktsmessig å tillate nye inngrep som medfører ytterligere regulering i vassdrag med viktige naturverdier for å produsere settefisk til akvakulturformål.»

Fiskeridirektoratet region Sør konkluderer med følgjande i brev av 25.11.2016:

«På grunnlag av sakens dokumenter kan Fiskeridirektoratet region Sør ikke se at omsøkt endring av reguleringsregime i Hetlandsvatnet vil komme i konflikt med de fiskeriinteressene vi forvalter.»

Norges Jeger og Fiskerforbund i Rogaland skriv følgjande i deira uttale av 03.01.2017:

«NJFF-Rogaland er fylkeslaget til Norges Jeger og Fiskerforbund i Rogaland. Vi representerer nær 8.000 medlemmer fordelt på 15 lokalforeninger i fylket.

Sammendrag

NJFF-Rogaland går sterkt imot at det blir gitt tillatelse til Fister Smolt å regulere Hetlandsvannet hele året. Vi ber dessuten om at gjeldende konsesjonsvilkår fra 18. februar 2004 effektueres hvor konsesjonssøker pålegges fjerning av fiskesperre, samt at vanninntaket ved utløpet av Hetlandsvannet endres slik at fri ferdsel for fisken sikres. Dagens gjeldende reguleringstillatelse bør trekkes tilbake og selskapet må satse utelukkende å produsere smolt gjennom bruk av RAS teknologi. Det er viktig å tilbakeføre vassdraget til mest mulig naturlig vannføring.

Bakgrunn

Fister Smolt som regulant har brutt konsesjonsvilkårene ved en rekke anledninger og viser ved både ved holdning og handling et totalt fravær av ansvar for å ivareta Fisteråna som et bærekraftig vassdrag. Vi mener de gjentatte bruddene av minstevannføringen tilsier at selskapet bør fratas gjeldende reguleringskonsesjon. Selskapet kan ved å utnytte ny teknologi og bygge et RAS anlegg ved siden av det nye anlegget og sanere det gamle anlegget redusere vannuttaket og dermed sikre et levedyktig vassdrag. Vassdraget kan ved dette tilbakeføres som et naturlig produserende vassdrag av elvemusling, ørret og sjørøtt.

Vassdraget

Fisteråna er fra naturens side et høyverdig vassdrag med naturlig kantvegetasjon og svært godt produksjonshabitat for ørret (ref. Rådgivende Biologer sin rapport fra 2009). Undersøkelse av yngeltettheten i rapporten fra 2013 viser tetthet av ørret er mellom 30-70+ yngel/100 m² som er bra bestand av ørret og viser potensialet til vassdraget om det kan få tilbake en mer naturlig vannføring og fjerner fiskesperren.

Sjørørreten i Rogaland er i dag sterkt truet og fredet i nær samtlige vassdrag i Ryfylke grunnet stor dødelighet pga. lus produsert i oppdrettsanleggene. Det legges følgerig ned et betydelig arbeide for å sikre overlevelse av disse bestandene. Følgerig er det viktig å sikre god produksjon i vassdragene. Fisteråna har et betydelig potensiale for å produsere en sterk sjørørretbestand om en kan tilbakeføre vassdraget gjennom å fjerne fiskesperren og sikre en skikkelig minstevannføring som tar hensyn til de biologiske forholdene i vassdraget

Minstevannføring

Allerede i dag er det gitt tillatelse til å produsere et altfor høyt antall smolt relativt til tilgjengelig vannføring i vassdraget. NJFF vil gå sterkt imot regulantens nye forslag til minstevannføring. Regulantens holdning til hva et levende vassdrag representerer er direkte uansvarlig og vi forventer NVE har et helt annet syn på saken. Det er ingen faglige belegg for de uttalelser som regulanten foreslår. En minstevannføring på 4-10 % som regulanten foreslår vil rasere vassdraget. Det eneste argumenter som føres i pennen er behov for vann for å produsere mest mulig smolt og postsmolt og en slik tapping av vann vil rasere bestanden av elvemusling, og medføre fiskedød og tap av yngel i vassdraget.

Fister Smolt er politianmeldt av Salmon Camera for å ha brutt konsesjonsvilkårene med utgangspunkt i flere perioder med vannføring under minstevannføringskravet.

NJFF-Rogaland har også fotografert og videofilmet flere klart ulovlige brudd på minstevannføringen i Fisteråna. Flere av disse bruddene er datert og dokumentert og tidligere sendt til NVE på CD-Rom ved siste høring av 14.03.2011 som ligger vedlagt.

Fiskesperre

Regulanten Fister Smolt nekter å fjerne en ulovlig fiskesperre og hindre naturlig vandring av anadrom laksefisk selv om dette er krevd av både NVE og OED.

NJFF ber følgerig om at NVE på nytt pålegger Fister Smolt å fjerne den ulovlige fiskesperren umiddelbart, ref. pålegg fra 2004 som ikke er gjennomført. Vi ber om at det utferdiges et regime for botelegging inntil fiskesperren er fjernet da vår erfaring med dette selskapet er særdeles dårlig. Vi registrerer at Fister Smolt ikke vil fjerne fiskesperren med referanse til mulighet for smitte fra villfisk. Dette er en ganske spesiell påstand fra en representant for en næring som selv har generert et utall av sykdommer som PD, HSMB, ILA, AGD etc., og som har potensiale for å smitte villfisk. Vi registrerer også at anlegget ikke ser ut til å ha orden på utslipp av laksesmolt fra anlegget (ref. rapport fra Rådgivende biologer i 2009, der laksesmolt ble funnet i utoes ved elfiske).

I tillegg er luken ved inntaksdam senket og umuliggjør fri vandring av fisk i vassdraget lange perioder.

Elvemusling

NJFF påpekte i sist høring (vedlagt) at Rådgivende Biologer og Fister Smolt ikke hadde opplyst om artens tilstedeværelse. At elvemusling er tilstede i vassdraget er nå bekreftet i nye undersøkelser gjennomført av Rådgivende Biologer i 2013. Elvemuslingen er en truet rødlistet

art og bestanden er i sterk tilbakegang. Det sier vel det meste om dette selskapet at de nå går inn for enda mindre vann i vassdraget. Det å ta vare på en utrydningstruet art er selskapet ikke opptatt av. Bestanden i vassdraget er estimert til over 4000 individ og det er bekymringsfullt at det antydes den er svekket med 20-30 % siden sist undersøkelse. Ørretens viktighet for elvemuslingen er klart vist i rapporten til Rådgivende Biologer med samspillet knyttet til Glochidier (larver fra elvemusling) på gjellen til ørreten. En minstevannføring på 4-10 % som foreslått av Fister Smolt vil være kroken på døren både for sjørreten, ørreten og derigjennom også elvemuslingen.»

Mona Bjelland skriv følgende i brev av 05.01.2017:

«Som grunneier ved Hetlandsvatnet har min familie de siste årene opplevd tiltakende erosjonsskader på vår eiendom. Vi mener at disse skadene kan relateres til regulering av vannstanden og svingninger i denne.

Vår eiendom ligger helt ned mot vannkanten og er derfor særlig sårbar for endringer i vannstanden. Når vannet står høyt i kombinasjon med mye vær og vind (særlig vinterstid), er vi vitne til at bølgeerosjon gir økt utgraving av sand, stein og jord. De siste årene har disse prosessene tiltatt og gravd seg betydelig lenger inn langs hele sørsiden av eiendommen mot både naust og hytte. Dette tvinger oss nå til å gjennomføre inngrep i form av nødvendige sikringstiltak for å stoppe erosjonsskadene i utvikle seg. Tiltakene vil anslagsvis beløpe seg et sted rundt 125 000 kroner.

En endring av reguleringshøyden som åpner for ytterligere svingninger i vannstanden, og samtidig tillater en høyere vannstand gjennom hele året, vil for oss som grunneier være svært alvorlig. Den erfaring vi nå sitter med, tilsier at dette vil gi ytterligere konsekvenser i form av økte erosjonsskader på vår tomt.

Hytta ble bygget sent på 50-tallet, og vi har gjennom årenes løp av naturlige årsaker opplevd noe varierende vannstand. Vi er innforstått med at vannstanden kan variere grunnet både flom og tørke. Men vi er ikke innforstått med at næringsinteresser i området skal kunne påføre vår tomt skader.

Innenfor någjeldende konsesjon og de skader vi allerede opplever, stiller vi også spørsmål til Fister Smolts forvaltning av vannressursen pr. i dag. Vi har derfor i eget brev sendt NVE v/ Jon Atle Eie (den 16.12.16), bedt om at det vurderes hvorvidt Fister Smolt pr. i dag regulerer vannet iht. konsesjonen. Vi ber om at vedlagte innsigelse og smoltens søknad, også vurderes i lys av de opplysninger og problemstillinger vi reiser i dette brevet.

Det skal nevnes at grunneierlagets holdning til Fister Smolts tidligere konsesjonssøknader, ikke representerer min families interesser. Vi er generelt ikke direkte konfrontert, verken ved spørsmålet om konsesjoner eller mulige konsekvenser av reguleringene.

Som grunneier og hytteeier ved Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune, ber vi derfor om at Fister Smolt AS sin søknad om endring av reguleringsregime i Hetlandsvatnet avslås.»

Odd Steinar Eide skriv følgjande i e-post datert 12.12.2016:

«Viser til søknad frå Fister Smolt om endring av reguleringsregime for Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune.

Me er sterkt i mot at Fister Smolt skal få lov til endring av reguleringa. Me driv landbruk ved vatnet og har fått store skader av den reguleringa som er nå og fryktar endå større skader dersom nve seier ja til utvida konsesjon .

I vår måtte me reparere både strandlinja og dreneringsgrøftene pga. skadene som oppstår utan at Fister Smolt ville dekke skadene.

Dersom Fister Smolt får innvilga søknaden i tillegg miljøendringar som medføre til tider store nedbørsmengder vil det medføre endå større skader enn det allerede gjer.

Dersom nve seier ja til utvida konsesjon er mitt spørsmål: kven er då ansvarleg for framtidige skader på vårt landbruk?

Håper nve går mot utvida konsesjon.

Sender fleire bilder som vil vise kor truande høgt Hetlandsvatnet står nå.»

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 18.01.2017 kommentert høyringsuttalane på følgjande måte:

«Hetlandsvatnet - Kommentarer til høringsuttalelser

I forbindelse med søknad til NVE om endring av reguleringsregimet i Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune ønsker Fister Smolt å kommentere de mottatte høringsuttalelsene. Det er registrert 6 høringsuttalelser fra følgende personer og organisasjoner:

- Hjelmeland kommune*
- Fiskeridirektoratet*
- Fylkesmannen i Rogaland*
- Norges Jeger og Fiskeforbund – Rogaland*
- Odd Steinar Eide*
- Mona Bjelland*

I søknaden har Fister Smolt AS (reg.nr. R/Hm 004) søkt om å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet til LRV på kote 45,8 og HRV på kote 46,4 hele året. Det er viktig å påpeke at dagens konsesjonsvilkår som berøres Fisteråna angående minstevannføring, gjennomsnittlig vannuttak og Gjennomsnittlig årlig vannuttak ikke er berørt i søknaden. I forbindelse med tiltaket vil det heller ikkje bli gjennomført noen nye tekniske inngrep i vassdraget. Demningen i Hetlandsvatnet og de 1,4 km lange rørledningene er etablert.

Fister Smolt har registeret at Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregimet i Hetlandsvatnet og mener at fordelene er større enn ulempene ved den søkte endringen.

Fiskeridirektoratet kan ikke se at omsøkte endring av reguleringsregimet i Hetlandsvatnet vil komme i konflikt med de fiskeinteressene direktoratet forvalter.

Fylkesmannen i Rogaland gir en høringsuttalelse som berører miljøverdiene og konsekvensene for Fisteråna. Dette synes noe misforstått, idet Fister Smolt ikke har søkt om endring av

reguleringsregimet i elva. Fylkesmannens uttalelse synes ikke å gjelde vurderinger knyttet til miljøverdien og konsekvensene ved regulering av Hetlandsvatnet mellom kote 45,8 g kote 46,4, hele året. Fister Smolt har derfor vanskelig for å se at uttalelsen har relevans for den omsøkte endringen. Et av formålene med endringen er nettopp å kunne sikre minstevannføring i tørkeperiodene bedre.

Nores Jeger og Fiskeforbund - Rogaland går sterkt imot at det blir gitt tillatelse til å regulere Hetlandsvatnet hele året. Denne uttalelsen synes imidlertid også å bero på en misforståelse av Fister Smolts søknad. NJFF - Rogaland går sterkt imot at minstevannføringen i Fisteråna reduseres, og viser til elvemuslingen i elva. Fister Smolt har imidlertid ikke søkt om redusert minstevannføring i elva. Fister Smolt AS skriver allerede i sammendraget for søknaden at konsesjonsvilkår som berøres Fisteråna angående minstevannføring, gjennomsnittlig vannuttak og gjennomsnittlig årlig vannuttak ikke er berørt i søknaden. NJFF - Rogalands høringsuttalelse om vassdraget, minstevannføring, fiskesperre og elvemusling ser ikke ut til å relatere seg til den omsøkte reguleringen av Hetlandsvatnet mellom kote 45,8 og kote 46,4 hele året.

I forbindelse med søknaden ble det innhentet forhåndsuttalelse fra det lokale Hjelmeland Jakt og Fiskelag, se vedlegg 10 til søknaden. I forhold til Norges Jeger og Fiskeforbund - Rogaland har de lokalkunnskapen om området og har vurdert det som virkelig er omsøkt. Deres forhåndsuttalelse er at de ikke kan se noen negative konsekvenser og stiller seg positive til tiltaket.

Fister Smolt AS søker å ha et godt forhold til grunneierne rundt Hetlandsvatnet. Selskapet inviterer grunneierlaget til møter, hvor det informeres om relevante forhold rundt bedriften, Hetlandsvatnet og Fisteråna. I forbindelse med denne søknaden ble det gjennomført et eget informasjonsmøte tilknyttet Grunneiarlaget sitt årsmøte.

Fister Smolt AS har gjennom dagens konsesjon mulighet til heving av vannstanden med 0,3 m perioden 01.12. til 01.01. Heving av vannstanden kan starte 15.11. Vannstanden skal reduseres sakte og være nede på maksimalt naturlig vannstand den 01.04. Hetlandsvatn kan senkes inntil 0,3 m under naturlig vannstand hele året. Vår påstand er at grunneierne vil oppleve større svingninger i vannstanden med dagens reguleringsregime enn ved omsøkte tiltak, noe som vi mener vil være positivt for de fleste grunneiere.

Det er viktig for Fister Smolt å få fram at 96,2 % av eierandelene rundt vatnet er positiv til tiltaket. Hvis det er grunneiere rundt Hetlandsvatnet som påvirkes negativt av det omsøkte tiltaket ønsker Fister Smolt at sakene tas gjennom Grunneieiarlaget, slik at man kan få til en åpen, helhetlig og felles løsning til det beste for alle parter. Sakene til Eide og Bjelland foreslås håndtert av Hetlandsvatnet grunneiarlag. Fister Smolt AS vil være imøtekommende i samråd med grunneierlaget.»

Merknader innkomne etter synfaring

Det vart halde synfaring på Fister den 08.02.2017, der området med Hetlandsvatnet og Fisteråna vart synfare. Under synfaringa vart det gitt høve til å komme med supplerande merknadar innan to veker.

NVE har motteke følgjande merknadar til søknaden etter synfaringa:

Hjelmeland kommune 09.02.2017:

«Kommunen viser til tidlegare innsendt uttale i saka, med samrøystes støtte til søknaden frå Fister Smolt. På synfaringa vart det på ein god måte belyst at den største utfordringa er manglande magasinkapasitet i perioder med lange tørkeperioder sommarstid. Då blir tørken ei

utfordring både for fastsett minstevassføring, og for smoltanlegget. Løysinga på dette bør vera høve til større magasinkapasitet på den tida av året.

Ved slutten av synfaringa vart det sagt at ein kunne rekna med ei avklaring i saka over sommaren. Det er alltid vanskeleg å spå om veret, slik kan det hende at komande sommar ikkje vil representera noko tørkeproblem. Men for alle parter hadde det vore veldig bra om den avklaringa kunne kome på forsommaren i staden for hausten. Så me vil oppmoda dykk om å sjå på om det er mogleg.

Synfaringa tok for seg eit breitt spekter av problemstillingar, mange knytt til sjølve elva der bedriften ikkje er grunneigar. Me vil be NVE i denne runden i hovudsak konsentrera seg om saka som gjeld sjølve vatnet, og tilgang på meir magasinvatn sommarstid. Dette er ikkje eit kraftverk, men ein bedrift som skal ta seg av levande organismer i form av smolt, året rundt.»

Fylkesmannen i Rogaland 22.02.2017:

«Vi viser til NVE sin befaring den 8.2.2017 av Fister Smolt AS sine planer om endring av reguleringsregime for Hetlandsvatnet i Hjelmeland kommune.

Fylkesmannen gav en kort uttale til saken 5.1.2017. Etter befaringen vil vi utdype vår bekymring for at utvidet regulering av Hetlandsvatnet kan øke de negative reguleringsvirkningene på naturverdiene i Fisteråna. Undersøkelsene i vassdraget (1996, 2008 og 2013) peker mot at tilslamming med finpartikulært materiale over elvebunnen kan være en viktig årsak til rekrutteringssvikten og svekkelsen i bestanden av elvemusling i elva. Dette tilsier at naturlige flommer med jevnlig utspyling av partikler og sedimenter kan være avgjørende for å sikre fremtidig rekruttering i elvemuslingbestanden. Vi mener derfor at omsøkt regulering av Hetlandsvatnet vil bidra til ytterligere reduksjon i den naturlige flomdynamikken (flommenes intensitet, hyppighet og varighet) i vassdraget. Tiltaket kan i så måte true bestanden av elvemusling.

Etter befaringen fikk vi inntrykk av at dagens regulering og Fisters Smolt AS sin drift av reguleringsmagasinet ikke i tilstrekkelig grad ivaretar naturverdiene i vassdraget. Det kan nevnes at magasinet på befaringsdagen 8. februar var nesten helt fullt (ca. 2 cm under HRV). Til tross for dette ble det ifølge Fister Smolt AS kun sluppet minstevannføring til elva denne dagen. Vi fikk også se at en betydelig del av minstevannføringen ble sluppet gjennom rørledningen, utenom damluke, til tross for at magasinet var tilnærmet fullt. Etter det vi har forstått skal magasinet senkes gradvis fra HRV til naturlig vannstand etter 1. januar og frem til 1.4. Videre skal minstevassføringen slippes fra dammen over utløpet til Hetlandsvatnet når vannstanden i vannet gjør dette mulig.

Fylkesmannen har fått kopi av NVE sin tilsynsrapport fra Fister Smolt AS sitt anlegg i 2016. Det fremgår av rapporten at det har vært brudd på reguleringsbestemmelsene, samt at fiskens vandringsmulighet gjennom dammen ikke var tilstrekkelig ivaretatt. Fylkesmannen frykter at brudd på reguleringsbestemmelsene i dette vassdraget kan gi kritiske virkninger på den lokale bestanden av elvemusling.

På bakgrunn av befaringen og NVE sine egne tilsynsrapporter fra anlegget mener vi at regulanten først må vise at de klarer å overholde dagens konsesjonsvilkår, samt ivareta naturverdiene i vassdraget på en bedre måte enn i dag (inkludert elvemusling og fiskens vandring), før det vurderes ytterligere reguleringer i vassdraget.»

Odd Steinar Eide 16.02.2017:

«Eg vil presisera at det er høg vannstand som er problemet. Det er kunn to sommarar det har vore problem med lite vatn i Hetlandsvatnet ellers er problemet at det står for høgt og i forhold til konsesjon.

Fister smolt har og som eg håpe de såg triksa med luka i Stemmen for å halde vatnet for det meste ulovlegt høgt.

Nå håpe eg N.V.E. tar ein grundig gjennomgang av heile saka slik at Fister smolt nå får klar beskjed om kva dei har å forhalde seg til.

Fiskesperra bør fjernast slik at fisken igjen får tilgang til vatnet.

Den vannledningen som har utløp to hundre meter ned frå utløpet av vatnet bør også fjernast slik at det får renne meir vatn i utløpet.

Det bør og krevjast at luka blir i forskriftsmessig stand, helst fjernast.

Denne saken er eit godt eksempel på eit storkonsern som tar seg grundig til rette.

Eg takkar for god dialog og håpe det tar den tiden det treng .

Eg håpar selvfølgelig at Fister smolt ikkje får høyna vannstanden i Hetlandsvatnet.»

Hetlandsvatnet grunneigarlag 15.02.2017:

«Vi vil med dette bemerke at vi som grunneigarlag i denne sammenheng representerer 102 av 106 parter rundt vatnet. Kvar part er oppdelt i påbegynte 100 meter strandlinje. Vår innstilling til konsesjonssøknaden er positiv.

Det kan nemnes at ved årsmøte i 2015 blei det informert om konsesjonssøknaden om endring av reguleringsregime i Hetlandsvatnet, på dette møtet var det ikkje innsigelser mot at Fister Smolt AS skulle få endra konsesjon. På dette møtet var grunneigar som nå har sendt innsigelse til søknaden.

- Vi representerer ca. 97 % av grunneigarane rundt vatnet. Alle oss er positive til ny konsesjonssøknad for Fister smolt.*
- Grunneigarlaget er positive til arbeidsplassene som Fister smolt nå utvider til under forusetning av att vi ikkje blir skadelidande i stor grad. Det ser vi ikkje at vi blir i denne saken.*
- Der er alltid ein viss risiko ved å ha eigendom langs vann og sjø. Det må ein alltid ta forbehold om. Ein kan allikevel etter vårt syn ikkje laste Fister smolt for utgravinger, erosjon etc.*
- Under synfaringa hjå Mona Bjelland er det for vår side bra å sjå kor stabilt stranda har legge i 50 år uten stor erosjon. Vi kan selvfølgelig sjå at med over 50 år og same stranden er det på tide med ein viss oppjustering.*
- Vi ønsker allikevel å påpeike att luka ved Stemmen burde få ein oppjustering. Den burde kunne vore fjernstyrt. I tillegg burde der vore tatt høyde for at det ved flom var større og raskere utrenning, så vi kunne justere vatnet raskere ned.»*

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader

Settefiskanlegget nyttar eit nedbørfelt på 12,14 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 392 l/s (NEVINA). Effektiv innsjøprosent er på 16,7 %. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande flaumperiodar om hausten og om vinteren, men flaum kan opptre heile året. Lågaste vassføring opptre gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 13 og 82 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 27 l/s.


Fister Smolt AS har ein konsesjon etter vassressurslova gitt av NVE den 18.02.2004. I konsesjonen er det gitt løyve til 60 cm regulering av Hetlandsvatnet med 30 cm heving til HRV kote 46,4 og 30 cm senking av vasstanden til LRV kote 45,8. Naturleg vasstand er på kote 46,1. Det er satt restriksjonar på bruken av magasinet slik at heving av vasstanden med 30 cm berre er tillate i perioden 01.12. til 01.01. Heving av vasstanden kan starte 15.11. Vasstanden skal reduserast sakte og vere nede på naturleg vasstand innan den 01.04. Hetlandsvatnet kan senkast inntil 30 cm under naturleg vasstand heile året.

Det skal til ei kvar tid sleppast ei minstevassføring frå Hetlandsvatnet til Fisteråna på 100 l/s. Vassuttaket skal ikkje overstige 330 l/s som månadsmiddel og 260 l/s som årsmiddel.

Tilløpsserie til Hetlandsvatnet

For å simulere tilløpet til magasinet har NVE nytta ein vassføringsserie frå ein målestasjon i eit nedbørfelt med liknande nedbørfelteigenskapar. Det er fleire aktuelle målestasjoner i området, men det er vurdert at målestasjon 29.7 Gramstaddalen er representativ for tilløpet til Hetlandsvatnet.

Figur 1 under viser konstruert tilløpsserie til Hetlandsvatnet for perioden 2010-2017, det er døgnmiddelverdiar som er presentert. Kulminasjonsflaumar vil tidvis vere vesentleg større. Største observerte døgnmiddelflaum er kring 7 m³/s.




Figur 1: Konstruert tilløpsserie til Hetlandsvatnet for perioden 2010-2017, døgnmiddel.

Regulering av Hetlandsvatnet og flaumavleiingskapasitet

I høyringsrunden er det fleire av høyringspartane som har merknader til regulering av Hetlandsvatnet og dei omsøkte reguleringshøgden. Det vert frå fleire hald klaga på at vasstand ligg over HRV og at det tek lang tid før vasstanden går ned til gjeldande reguleringshøgde. Det vert og peika på at høg vasstand gir auka problem knytt til erosjon og utvasking i strandsona. Høg vasstand er og til ulempe for landbruksdrift i sommarhalvåret.

NVE vil peike på at det er naturleg at vasstanden stig noko i flaumperiodar og at det ikkje alltid vil vere mogleg å halde vasstanden innanfor dei fastsette reguleringshøgden. Opning av damlukene til flaumstilling må ikkje føre til unaturleg auke i flaumvassføringa nedstrøms på ein slik måte at det blir skadeflaum i vassdraget. Også i naturleg tilstand vil noko av vatnet bli halde igjen i Hetlandsvatnet. NVE veit ikkje kor stor den naturlege flaumstigninga i Hetlandsvatnet vil vere. NVE er elles ikkje kjend med at høg vassføring i Hetlandsåna nedstrøms Hetlandsvatnet skapar problem i flaumsituasjonar.

Det er gjort målingar av vasstanden i Hetlandsvatnet i perioden 2011- d.d. I figur 2 er det vist vasstandar i perioden 2015 – 2017 (data frå Fister Smolt AS sendt til NVE 28.04.2017). Målingane viser at vasstanden ligg noko høgt i forhold til gjeldande reguleringshøgde, og at vatnet har vore halde på HRV fram til 1. april tre år på rad.



Figur 2. Regulering av vasstanden i Hetlandsvatnet i perioden 2015 – 2017. Gule felt viser vasstand over HRV og NV. NV = Naturleg vasstand = Sommervasstand (HRV sommar 1.4-15.11). Data frå Fister Smolt AS sendt til NVE 28.04.2017.

Vedlagt søknaden ligg flaumberekningsrapport for dam Hetlandsvatn utarbeidd av Multiconsult i 2014. I denne rapporten er det gitt ei kapasitetskurve for dammen med open luke. Når luka står i open stilling er

kapasiteten ved HRV (høgde 46,40) på rundt 7 m³/s. I NEVINA er middelflaum berekna til 3,0 m³/s, 10-års flaum 4,5 m³/s, 50-års flaum 7,1 m³/s og 100-års flaum 8,6 m³/s. Dette tilseier at damluka kan ta unna dei vanlegast førekommande flaumane.

Samanliknar vi observert vasstand mot simulert tilløp og kapasiteten i dam Hetlandsvatn med open luke, er det tydeleg at luka ikkje har vore nytta for å redusere flaumvasstandar i magasinet. Ut frå kapasiteten i dammen skal det vere mogleg å overhalde magasinrestriksjonane under alle dei observerte flaumhendingane i perioden. NVE meiner at det i den perioden som er vurdert hadde vert mogleg å unngå magasinering av vatn utover reguleringsgrensene, basert på ei vurdering av tilsig og tappekapasitet gjennom dam Hetlandsvatn.

NVE forventar ei aktiv regulering av damluka for å halde vilkåra i konsesjonen. Dei registrerte overskridingane av reguleringsregimet, og ulempe for grunneigarar og brukarar av vatnet, kunne vore unngått dersom Fister Smolt AS hadde aktivt nytta flaumluka i dam Hetlandsvatn. Den ekstra magasineringa av vatn fører til ulempe for dei som har eigedomar langs vatnet. Magasinering av vatn representerer også potensielt mindre flaumar i Fisteråna, som er viktige for bestandane av fisk og elvemusling.

Auka regulering av Hetlandsvatnet i sommarhalvåret

Fylkesmannen meiner at Fister Smolt først må vise at dei klarar å overhalde dagens konsesjonsvilkår og ivareta naturverdiar i vassdraget på ein betre måte enn i dag (inkludert elvemusling og fisken si vandring), før det vert vurdert ytterlegare reguleringar i vassdraget. NVE er samd med Fylkesmannen i desse vurderingane.

Fister Smolt fekk vassdragskonsesjon 18.02.2004 og har i dag meir enn femten år etter ikkje fått orden på regulering av Hetlandsvatnet og slepp av minstevassføring i tråd med gjeldande konsesjon. Fister Smolt AS har no leigd inn Sweco for å utarbeide ei løysing for slepp av minstevassføring og passasje for fisk, og det er utarbeidd ein teknisk plan for tiltaket. NVE sitt miljøtilsyn følgjer opp desse planane i samband med NVE sitt pålegg av 19.12.2016 om retting av arrangement for slepp av minstevassføring. NVE føreset at ei utbetring av dam Hetlandsvatn, som Fister Smolt no skal gjennomføre, vil sikre at magasinrestriksjonane vert overhaldne slik at flaumvassføringane i større grad vil gå i Fisteråna og komme fisk og elvemusling til gode.

Tilgang på vatn og vassforbruk

Fister Smolt viser til at tilgang på vatn er knapp og at det hydrologiske grunnlaget som vart lagt til grunn for konsesjonen i 2004, delvis var feil og overestimerte tilgjengeleg vassmengde. NVE vil minne om at det er tiltakshavar sitt ansvar å sikre at riktig informasjon ligg til grunn i søknaden. NVE er samd i at delar av informasjonen som låg til grunn for den eksisterande konsesjonen var mangelfull. I tillegg til at det hydrologiske grunnlaget ikkje stemde, var søknaden også mangelfull ved at det ikkje kom fram at det var elvemusling i vassdraget. Elvemusling set krav til eit godt livsmiljø, og i konsesjonssaker der det finnast elvemusling vert det i konsesjonen sett krav om avbøtande tiltak for å ta vare på arten. At det var elvemusling i vassdraget vart først kjent for NVE på eit seinare tidspunkt, etter at konsesjonen i 2004 var gitt.

At det hydrologiske grunnlaget som låg til grunn i 2004 ikkje stemde, ved at tilrenning var betydeleg overestimert, var kjent for Fister Smolt når dei søkte om utviding av produksjonen til 5 millionar sjøklar smolt i 2012. NVE rådde til planane om utviding, men det vart lagt betydeleg vekt på at selskapet skulle ta i bruk resirkuleringsteknologi på delar av anlegget for å kunne redusere sitt vassforbruk. På denne måten skulle tiltakshavar ivareta vassressursen på ein god måte innanfor vilkåra i vassdragskonsesjonen frå 2004.

NVE gav avslag på Fister Smolt sin søknad om å gå under LRV sommaren 2019. Fister Smolt klaga på NVE sitt avslag og skisserte i sin klage av 16.07.2019 følgjande alternativ for å få konsesjonen til å fungere:

1. Redusert vassforbruk
2. Lågare minstevassføring
3. Større regulering

Fister Smolt skriv også følgjande i klagen: *«Fister Smolt arbeider kontinuerlig med å redusere vannforbruket, og selskapet bruker i dag mindre vann enn ved revisjon av konsesjonen i 2004, tross økt smoltproduksjon. Det er investert i et RAS-anlegg til 50 mill som reduserer vannforbruket til denne delen av virksomheten med 98 %. På grunn av omfattende kapitalbehov tar imidlertid en slik omstilling tid. Fister Smolt innfører RAS-teknologi i takt med naturlig utskifting av anlegget. Målet på sikt er å komme ned i et vannforbruk på ca. 100 l/s. Vannforbruket i dag er ca. 200 l/s. For å unngå problemer slik som de vi har sett i sommer må det også gjøres noe med enten reguleringen eller MVF.»*

Miljøverdiene i vassdraget er først og fremst knyttet til elvemuslingen i Fisteråna. Dermed er det bedre med større regulering framfor lavere MVF, særlig når dette ikke fører til større neddemt eller tørrlagt areal.»

NVE meiner at lågare minstevassføring og større regulering, ikkje er mogleg å foreine med dei store allmenne interessene knytt til Hetlandsvatnet og Fisteråna. Dette er gjort grundig greie for i NVE sitt avslag til ytterlegare seinking av Hetlandsvatnet og redusert minstevassføring i Fisteråna den 08.05.2012. OED skriv følgande datert 11.04.2014 i behandling av klage frå Fister Smolt AS til NVE sitt vedtak: *«Departementet meiner at det av omsyn til spesielt elvemusling og anadrom fisk, ikkje kan gis løyve til auka regulering av Hetlandsvatnet eller redusert slepp av minstevassføring i Fisteråna.»*

NVE vurderer at selskapet i mange år har pressa vassressursen svært hardt, og at situasjonar med låg vasstand kunne vore unngått dersom det ved produksjonen av smolt hadde blitt tatt omsyn til tidlegare erfaringar med vassuttaket. NVE meiner at knappheit på vatn ikkje kan løysast med auka regulering eller lågare minstevassføring, men heller må løysast ved at Fister Smolt AS i større grad tilpassar sin produksjon til tilgangen på vatn. Dette kan Fister Smolt AS løyse ved å redusere vassforbruket ved å redusere biomassen, eller gjennom ei meir effektiv utnytting av vatnet ved å ta i bruk resirkuleringsteknologi på heile anlegget.

NVE ser det som positivt at Fister Smolt med tida ynskjer å innføre RAS-teknologi på større delar av anlegget. Fister Smolt skriv at målet på sikt er å komme ned i eit vassforbruk på ca. 100 l/s. Ved overgang til RAS-teknologi på heile anlegget vil det vere mogleg å ta ut enno mindre vatn enn dette til ein produksjon på 5 mill. smolt. Data frå andre settefiskanlegg som nyttar resirkuleringsteknologi viser at det normalt kan produserast kring 1 million smolt per 3-5 l/s (fram til ei vekt på kring 80-100 gram). Dette tilseier at Fister Smolt kan produsere 5 millionar smolt (80-100 g) med eit vassforbruk på 15-25 l/s. Produksjon av større smolt/postsmolt må då skje ved bruk av sjøvatn.

Naturmangfald

Det er viktige biologiske verdiar knytt til Fisteråna ved elvemusling, aure, sjøaure og ål.

Elvemusling

Elvemusling er ein art som har gått sterkt tilbake i heile sitt leveområde og er truga. I Raudlista for artar 2015 er bestanden av elvemusling i Noreg vurdert til å vere sårbar (VU). Globalt er den vurdert til sterkt truga (EN). Noreg har i dag godt over halvparten av den europeiske bestanden av elvemusling, og arten

er ein ansvarsart for Norge som vi har eit spesielt ansvar for å ta vare på. Elvemusling er avhengig av fisk for å gjennomføre livssyklusen, då den har eit parasittisk stadie med larvar som lever på gjellene til yngel av laks eller aure.

Rådgivende Biologer AS gjennomførte på oppdrag frå Fister Smolt AS ei undersøking av elvemusling i Fisteråna i 2013, rapporten er vedlagt søknaden. Ved undersøkinga vart elvemusling påvist på heile elvestrekninga, med unntak av dei nedste 50 m frå sjøen. Bestanden vart rekna til om lag 4000 individ som er ein middels stor bestand. Tettleiken var på 0,65 muslingar/m², og samanlikna med tilsvarande, men enklare teljingar utført i 1995 og 2008, er bestanden redusert med om lag 20-30 % dei siste 20 åra. I Fisteråna er aure vertsfisk for larvane til muslingen, og 5 % av aurane hadde elvemuslinglarvar (glochidier) på gjellene, med relativt høge infeksjonar.

Undersøkinga viser dårleg rekruttering. Det vart funne tre muslingar som var 21-31 mm lange, elles var muslingane frå 74 til 134 mm lange, med medianstorleik på 112 mm. Rådgivende Biologer konkluderer med at dårleg substratkvalitet for dei yngste elvemuslingane truleg er årsak til låg rekruttering av elvemusling i Fisteråna. I rapporten vert det peika på at vasskvaliteten i Fisteråna generelt synast å vere god for dei fleste parametarar, men at innhaldet av nitrogen/nitrat klart er høgare enn kravet til godt livsmiljø for elvemusling. Rapporten peikar på at det er viktig med nokre flaumar i elva gjennom året, som er store nok til å vaske ut finstoff som vert tilført. Rett minstevassføring og tilstrekkeleg med flaumar er derfor sentralt for å gje elvemusling i Fisteråna gode livsvilkår.

Rapporten viser til at funn av ein høg andel tomme skal i elva tyder på at rekrutteringssvikt ikkje er det einaste trugsmålet mot bestanden. Andelen tomme skal samanlikna med levande musling var så høg i Fisteråna at det indikerer auka dødelegheit på vaksne individ, som normalt er ganske robuste. Årsaka til auka dødelegheit på vaksne muslingar kan blant anna vere uttørring ved låge vassføringar. Kor tid denne ekstra dødelegheita fann stad er uvisst, då tomme skal kan ligge fleire år før dei vert nedbrotne eller vaska ut. Uansett kva denne dødelegheita skuldast er det viktig med tilstrekkeleg vassdekning og vassføring i elva, slik at vaksne muslingar ikkje tørkar ut og at dei får tilstrekkeleg med oksygen. Fisk kan flytte seg til djupare område i periodar med lite vatn, men musling evnar i liten grad dette.

Eit av problema for elvemuslingen i Fisteråna, er tilslamming av finstoff på elvebotnen. NVE vurderer difor at manøvrering av magasin Hetlandsvatn, overlaup og slepp av flaumar gjennom dam Hetlandsvatn, er viktig for å sikre vassføringssdynamikken i vassdraget. Mindre flaumar hindrar at finstoff pakkar seg og gjer det mogleg for større flaumar å spyle ut finstoff. Er vassføringa låg og utan variasjon/toppar, vil finstoff sedimentere og pakke seg, vegetasjon vert etablert og dei få større flaumane vil ha ein langt mindre effekt på utspyling av finstoff. Verknaden vert ein tett elvebotn som ikkje gir tilstrekkeleg oksygen og næring til små elvemuslingar som lever nedgrave i elvegrusen.

Fylkesmannen skriv i sin uttale: «*Undersøkelsene i vassdraget (1996, 2008 og 2013) peker mot at tilslamming med finpartikulært materialet over elvebunnen kan være en viktig årsak til rekrutteringssvikten og svekkelsen i bestanden av elvemusling i elva. Dette tilsier at naturlige flommer med jevnlig utspyling av partikler og sedimenter kan være avgjørende for å sikre fremtidig rekruttering i elvemuslingbestanden. Vi mener derfor at omsøkt regulering av Hetlandsvatnet vil bidra til ytterligere reduksjon i den naturlige flomdynamikken (flommenes intensitet, hyppighet og varighet) i vassdraget. Tiltaket kan i så måte true bestanden av elvemusling.*».

Auka magasinering av vatn gir redusert intensitet og varigheit av flaumvassføringane i Fisteråna. Dette gjer til at flaumane si evne til å spyle ut finstoff i vassdraget vert redusert, som igjen påverkar bestanden av elvemusling negativt. NVE meiner at reguleringshøgda må avgrensast i sommarhalvåret, for å sikre noko av flaumdynamikken i vassdraget slik at botnsubstratet ikkje tettar seg og er høveleg for elvemusling.

Sjøaure

Det står i dag ei fiskesperre i nedre del av Fisteråna. Sperra er av NVE og Fylkesmannen vurdert som eit ulovleg vassdragstiltak. Når NVE vurderer forholda i Fisteråna legg vi til grunn at dette hinderet er ulovleg og difor skal fjernast.

Undersøkinga av elvemusling utført av Rådgivende Biologer viser at aure/sjøaure er vertsfisk for elvemuslingen i Fisteråna. For å sikre høg nok tettleik av aureungar som er vert for elvemuslinglarvar (*glochidier*) er det viktig å oppretthalde vandringsvegen og god rekruttering av aure/sjøaure.

I Fisteråna vandrar sjøauren opp for å gyte i medio september og i oktober. Periodar med auka vassføring er viktig for å få fisken til å vandre opp i vassdraget. NVE har sett krav om at oppfylling til HRV først kan starte den 15. november. Det er også sett vilkår om at sjøaure skal kunne vandre inn i Hetlandsvatn. Manøvreringa av magasin Hetlandsvatn er såleis viktig for å sikre vandringsvegen og ein bestand av sjøaure i vassdraget.

NVE vurderer at slepp av ei jamn minstevassføring på 100 l/s er for lite til å motivere sjøauren til å vandre opp og at det må vere overlaup og større vassføringar for at sjøauren skal vandre opp i Fisteråna. Generelt vil det vere positivt med ei høgast mogleg vassføring i oppvandrings- og utvandringsperiodar for fisk. For at det skal bli overlaup og størst mogleg vassføring under oppvandringa er det viktig at reguleringshøgda vert avgrensa i denne perioden. NVE meiner at det viktigaste tiltaket for å ta vare på sjøaurebestanden er, som for elvemuslingen, å sikre noko av flaumdynamikken i sommarhalvåret. NVE meiner difor at reguleringshøgda ikkje bør aukast i sommarperioden.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden frå Fister Smolt om endra reguleringsregime legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, flaumberekningsrapport, undersøking av elvemusling i Fisteråna, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, samt for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til settefiskanlegget finnast det elvemusling (VU), ål (VU), aure og sjøaure. Ei endring av reguleringsregime vil etter NVE si vurdering vere i konflikt med forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, ved at forholda for elvemusling vert ytterlegare forverra. NVE føreset at forholda for sjøaure vert forbetra ved at fiskesperre blir fjerna slik at vandringsvegen for sjøaure vert sikra. NVE føreset også at dam Hetlandsvatn vert utbetra med tanke på slepp av minstevassføring, fiskepassasje og slepp av flaumvassføringar.

Naturmangfaldlova § 10 fastset prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. Dette inneberer at ein må ha kunnskap også om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den samla belastninga, jf. også formuleringa i § 8 om "effekten av påvirkningar". I vurderinga av samla belastning skal det både tas omsyn til allereie eksisterande inngrep og forventade framtidige inngrep. NVE meiner at tiltaket ikkje vil føre til negative endringar av økosystemet i vassdraget over tid når det vert sett vilkår. Dersom vilkåra i konsesjonen vert følgt vil forholda bli betre enn dagens status for vassdraget.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Naturmangfaldlova § 12 seier at det skal takast i bruk driftsmetodar der ein unngår eller avgrensar skadar på naturmangfaldet, og vidare at det skal nyttast driftsmetode som gir best resultat for samfunnet. Ved bruk av moderne resirkuleringsteknologi (RAS) meiner Fylkesmannen at det ikkje er nødvendig eller hensiktsmessig å tillate nye inngrep som fører til ytterlegere regulering i vassdrag med viktige naturverdiar. NJFF-Rogaland meiner at dagens gjeldande reguleringsløyve bør trekkast tilbake og selskapet må satse berre på produksjon av smolt gjennom bruk av RAS teknologi.

NVE vurderer at ved overgang til RAS på heile anlegget vil vassbruken gå betydeleg ned, samtidig som naturverdiane i vassdraget vert sikra tilstrekkeleg vatn. NVE har vurdert val av driftsmetode opp mot verknad for naturmiljøet og meiner at § 12 i dette tilfellet bør tilleggas vekt.

Landbruk og eigedomar ved Hetlandsvatn

I søknaden vert det vist til at endra regulering av Hetlandsvatnet vil føre til at magasinfyllinga av vatnet vil vere noko høgare på våren og i beitesesongen. I søknaden vert det vist til at eit mindre landbruksareal mot Hetlandsvatnet austre del vil bli påverka av tiltaket. Totalt utgjer dette området fire dekar. Fister Smolt opplyser at det er tatt omsyn til landbruksinteresser gjennom kompensering- og utbetrande tiltak i samråd med påverka eigedom.

Under høyringa og synfaring kom det fram at ein hytteeigar, og ein gardbrukar som driv landbruk ved vatnet, har fått erosjonsskader på eigedomane som skuldast høg vasstand og regulering/svingingar av vasstanden. Desse fryktar endå større skader dersom reguleringa vert utvida til å gjelde heile året. Det vert vist til at problemet er størst når vatnet står høgt i kombinasjon med mykje ver og vind, særleg vinterstid.

Hetlandsvatn grunneigarlag viser til at dei representerer 97 % av grunneigarane rundt vatnet (i areal, 102 av 106 partar rundt vatnet), og at dei stiller seg positive til planane. Grunneigarlaget peikar på at luka i dammen bør forbetrast og vere fjernstyrt. I tillegg bør det sikrast raskare utrenning ved flaum, slik at vatnet kan justerast raskare ned.

NVE registrerer at det er privatrettslege tvistar som ikkje er ordna opp i, og at privatrettslege forhold kan bli negativt påverka om reguleringa vert utvida til å gjelde heile året. NVE vurderer samtidig at svingingane i vasstand, og spesielt vasstandar over HRV, vil bli redusert når Fister Smolt får utbetra dammen slik som planlagt. Ved utbetring av dammen vil det berre i større flaumepisodar kunne bli kortvarig oppstuvning av vasstand over HRV eller sommarvasstand. NVE vurderer at problema med høg vasstand vil bli betre med utbetring av dammen og at forholda for landbruk vil bli betre enn det som er tilfelle i dag.

Oppsummering

Det er store naturverdiar knytt til Hetlandsvatnet og Fisteråna i form av aure, sjøaure, ål og elvemusling. Fister Smolt har sidan vassdragskonsesjonen vart gitt i 2004 i liten grad etterkomme dei vilkår og krav som er sett for å ivareta naturverdiane i vassdraget. Bestanden av elvemusling er i negativ utvikling og vandringsvegen for fisk i vassdraget er ikkje tilstrekkeleg ivaretatt. NVE vurderer at det ikkje kan gjennomførast ytterlegare regulering før avbøtande tiltak for å sikre naturverdiane i vassdraget er gjennomført.

Fister Smolt AS har leigd inn Sweco for å utarbeide ei løysing for slepp av minstevassføring og passasje for fisk og det er utarbeidd ein teknisk plan for tiltaket. NVE sitt miljøtilsyn følgjer opp desse planane i samband med NVE sitt pålegg av 19.12.2016 om retting av arrangement for slepp av minstevassføring. NVE føreset at ei utbetring av dam Hetlandsvatn, som Fister Smolt no skal gjennomføre, vil ivareta minstevassføring og ei regulering av Hetlandsvatnet som er i tråd med magasinrestriksjonane i dagens konsesjon.

Fister Smolt har utfordringar ved at vasstilgang og reguleringskapasitet er knapp med tanke på å sikre minstevassføring og vatn til drift av settefiskanlegget i langvarige tørrperiodar i sommarhalvåret. NVE meiner at knappheit på vatn ikkje kan løysast ved å auke reguleringa, men heller må løysast ved at Fister Smolt i større grad tilpassar seg tilgangen på vatn. Dette kan løysast gjennom meir effektiv utnytting av vatnet ved å ta i bruk resirkuleringsteknologi på heile anlegget, eller redusere produksjonen. NVE har vurdert val av driftsmetode opp mot verknad for naturmiljøet og meiner at naturmangfaldlova § 12 i dette tilfellet bør tilleggas vekt.

Vedtak

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at ulempene ved å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet, til HRV på kote 46,4 heile året, er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt. NVE gjev ikkje løyve etter vassressurslova § 8 til å endre reguleringsregime for Hetlandsvatnet.

Om klage og klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. På grunn av julehøgtid med ferieavvikling vert klagefristen sett til 21.01.2020.

Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Kopi til:

Fiskeridirektoratet Region Sør
Fylkesmannen i Rogaland
Hjelmeland kommune
Mona Bjelland
Norges Jeger- og Fiskerforbund Rogaland
Odd Steinar Eide